

## Sluttrapport Prosjekt CH-29

Ein syner til tidlegare korrespondansar og kontakt.

Prosjektoppgåva var å restaurera ein Chevrolet 1929 rutebil til så langt mogleg original utforming og stand. Arbeidet vart starta tidleg i 2015.

Ein arbeidsplan sikta på at arbeidet skulle vera fullført og bilen registrert og godkjend av Biltilsynet i første halvår 2019.

Eit førebels kostnadsoverslag summerte seg til kr, 412.000. I tillegg ville då koma friviljug, uløna arbeid.

Etter å ha fått gratis verkstad- og lagerplass, fri bruk av reiskapar, straum og andre fasilitetar, har arbeidet gått raskare og kostnadane blitt mindre enn vi trudde. Ein god del andre tenester og leveransar er og gjevne med til dels god rabatt.

Undervegs er nedlagt vel 5100 registrerte dugnadstimar, pluss uløna reiser og administrativt arbeid. Det er ført loggbok og gjort fortløpande fotoregistrering. Så langt tilgjengeleg har ein nytta tidrett materiell.

Bilen vart godkjend ferdigrestaurert og registrert med nummeret R 759 hausten 2018, og seinare same haust i følgje føresegnene overlevert til Veteranbussklubb BNR.

Kontoen 3411.39 02452 vart lukka ved utgangen av året 2018.

Frå start til slutt er posteringane som følgjer:

Innkome ved tilskot, gåver og renter	kr. <u>266 082</u>
Utleigg til varer og tenester	214 697
Kjøp av tilhengjar til langtransport av rutebilen	26 832
Avslutting, inkl. gåver til vertskapet	5 594
Overskot overført til Veteranbussklubb BNR	<u>19 759</u>

Renter 2018, attståande beløp	79
-------------------------------	----

Prosjektgruppa takkar for gjevne tilskot og hjelp

Ostereidet, 11/1 2019

Alf Angelskår  
  
 Sjøå vedlegg

Vidar Lehmann  


LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	
16 JAN 2019	
Ark. saknr. 16/3627	Løpenr.
Saksh.	Tilgangskode

Vedtøken h. 2018

### Avtale om overtaking av rutebil CH-29

Med tilvising til dei vedlagde vedtektene for restaureringa datert 9. april 2015, er styret for restaureringsprosjektet CH 29 og Veteranbussklubb BNR enige om følgjande :

1. Når prosjektet av styre og arbeidsgruppe er erklært fullført og gjort opp for, og Biltilsynet har gjeve tilsagn om at bilen er klar for registrering, skal eigarskapet overførast til Veteranbussklubb BNR, heretter kalla V-BNR.
2. Er det då pengar att på prosjektet sin konto, skal dei overførast til V-BNR, men vera øyremerkte for utgifter i samband med vedlikehald, drift, reparasjonar og forsikring av bilen.
3. V-BNR utnemner eit klubbmedlem som òg har vore med i prosjektet til ansvarshavande for bilen sitt tilsyn, bruk, vedlikehald og for instruksjon og opplæring. Funksjonstida skal vera tre år. Etter det avgjer V-BNR om denne ordninga skal vara ved, endrast eller avsluttast.
4. Ein føreset at bilen i hovudsak skal brukast innan transportområdet som INDL i si tid dekte, så ofte som det byr seg i samspel med D/S OSTER, men òg til andre rutebilhistoriske og meir ålmann-kulturelle føre mål og arrangement.
4. Rutebilen er eit rutebilhistorisk kulturminne og skal sikrast vern. Dersom V-BNR finn å måtta avhenda bilen, eller om klubben skal avviklast, skal rutebilen i samråd med eventuelle attlevande styremedlemer i prosjekt CH-29 difor prioriterast overført til ein relevent museal institusjon. Lukkast ei slik overføring ikkje, skal V-BNR så langt det er mogeleg framleis søkja ei løysing slik at bilen sin status som transporthistorisk kulturminne vert ivareteken. Bilen skal ikkje overførast ut av ut Nordhordland eller Bergen. Dette atterhaldet skal òg avtalefestast med ein eventuell ny eigar.

Lindås, / 2018

For Prosjektet CH-29

-----  
Leiar

For Veteranbussklubb BNR

-----  
Leiar

Vedlegg: Restaurering av buss CH 29. Vedtekter og rammeplan 9. april 2015